



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Monica Ekli, 55 57 22 08

Vår dato
20 JUN 2006

Dykkar datu
15.05.2006

Vår referanse
03/14276-542.1

Dykkar referanse
06/5783

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST	
20 JUN 2006	
ARTIK	433
SAK NR	06/5783
SPR. NR	15

ENKOR

Fiskeridirektoratet region Vest
Postboks L
6701 Måløy

Utsleppsløyve for Fjordfarm AS på lokaliteten Fyllingsnes S i Lindås kommune

Fylkesmannen gjev Fjordfarm AS utsleppsløyve for eit matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure med ein maksimal produksjon på 1560 tonn biomasse på lokaliteten. Fylkesmannen ber verksemda om å utarbeide ein plan for støyreduserande tiltak og ein plan for tiltak mot feittproblem innan 01.09.2006. Lokaliteten må i tillegg brakkleggjast i 3 månader mellom kvart utsett. Fylkesmannen føreset at det ikkje vert flytta inn nye konsesjonar til området, med bakgrunn i at fjordsystemet er føreslått som nasjonal laksefjord, og ber Fiskeridirektoratet region Vest om å følgje dette opp.

Bakgrunn

Vi viser til søknad datert 17.03.2006, oversendt frå Fiskeridirektoratet region Vest i skriv datert 15.05.2006.

Verksemda søker om løyve til samdrift mellom Fjordfarm AS og Fyllingsnes Fisk AS og utviding av lokaliteten Fyllingsnes S frå ein MTB på 780 tonn til ein MTB på 1560 tonn.

Fylkesmannen var på synfaring på anlegget 12.06.2006. Tilstades var representantar frå verksemda, fôrfirmaet, hyttenaboar og Fiskeridirektoratet region Vest.

I følgje verksemda hadde dei ikkje planlagt å søkje om utviding, men da Mattilsynet ikkje gav dei løyve til å flytte fisk til eit anna anlegg, måtte dei utvide anlegget på Fyllingsnes i staden.

Fylkesmannen si vurdering/grunngeving

Fylkesmannen har vurdert søknaden etter forureiningslova og som statleg styresmakt innan naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser.

- Tilhøvet til plan

I samband med at søknaden låg ute til offentleg innsyn, kom det inn merknader om støy og flyt av feitt ved lokaliteten og bildemateriale var lagt ved. Lindås kommune handsama søknaden 05.05.2006. Kommunen rådde til samlokaliseringa og utvidinga med krav om at:

- Anlegget og drifta på anlegget må vere av ein slik kvalitet at fisk ikkje rømmer.
- Eigar av oppdrettsanlegget bør påleggjast å få utført resipientgranskning med visse mellomrom, slik at det gode miljøet og oksygeninnhaldet i fjorden kan oppretthaldast på eit godt akseptabelt nivå.

- *Det må setjast inn tiltak som hindrar at flytefeitt frå anlegget forureinar sjøområdet i nærleiken av anlegget og strendene.*
- *Ved avslutta drift må anlegget fjernast. Garanti som sikrar at det vert gjort må leggjast fram før anlegget vert etablert.*

Den omsøkte lokaliteten ligg i eit område som er sett av til akvakultur i gjeldande arealplan.

- Vilt, laksefisk/innlandsfisk og naturvern

Lokaliteten ligg i eit fjordsystem som er føreslått som nasjonal laksefjord. Fylkesmannen meiner i utgangspunktet at det vil vere rett å vente med vurderinga av søknader i dette området til det vert avgjort om det vert nasjonal laksefjord og kva slags forvaltningsregime som skal gjelde. Vi har i utgangspunktet ikkje innvendingar mot at eksisterande verksemd får utvide allereie etablerte lokalitetar for å få best mogleg drift på lokaliteten. Den viktigaste bekymringa vår er knytt til at utviding av lokalitetane vil kunne føre til ei flytting av nye konsesjonar inn til dette området.

I samband med andre utviingssøknader i fjordsystemet vart det halde eit møte med Fiskeridirektoratet region Vest 08.02.2006. I dette møtet vart det avklart at Fiskeridirektoratet både har verkemiddel til og intensjon om å hindre innflytting av nye konsesjonar til dette området, inntil det vert avklart om området vert nasjonal laksefjord. Fylkesmannen føreset at dette også gjeld i denne saka, og vil på bakgrunn av dette ikkje rå frå søknaden om utviding.

Fylkesmannen ber om at det vert lagt vekt på rømingssikringstiltak ved anlegget og likeins tiltak for å hindre spreiding av lakselus. Vedkomande viltinteresser vert det vist til uttale og vilkår gjeve i vedlegg 2.

- Friluftsliv

Det har i samband med søknaden komme inn merknader frå hyttenaboar i området. Det vert vist til at det er mykje støy frå føringsslangane til anlegget og at feitt frå anlegget flyt innover mot land, legg seg på båtane og øydelegg badevatnet. Under synfaringa kom det fram at verksemda skulle prøve å redusere støyen ved å finne betre løysingar for føringsslangane. Samtidig kunne verksemda opplyse at dei hadde eit samarbeid med førselskapet for å få bukt med feittgulping frå auren. Fylkesmannen set krav om at anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper og at feitt frå anlegget ikkje når land, og viser til vilkår for løyvet pkt. 1.2 og 3.0.

- Forureining

I følgje vedlagde rapportar frå resipientgransking og straummåling ligg anlegget ca. 250 m sør for Fyllingsnes. Anlegget ligg over ein variabelt skrånande botn med djupner mellom ca. 20 og 160 meter under anlegget. Botn under den inste halvdelen av anlegget skråar relativt jamt frå 20 til 70 m og deretter hamnar ein utfor ein fjellhammar der botn djupnest om lag 60 m. Botn skråar vidare nedover lokaliteten, som ligg direkte knytt til fjordbassenget i Osterfjorden med djupner opp mot 500 m. Lokaliteten er kupert og ein kan ikkje utelukke at det somme stader er flatare parti eller små hyller der organisk avfall frå anlegget kan samle seg opp.

MOM B-gransking på lokaliteten gav ein tilstand på 2, middels belasta, sjølv om delar av lokaliteten har uakseptable belastningstilhøve. Det er målt relativt lite straum ved lokaliteten, både på 8 m og på 50 m djup.

Fylkesmannen meiner at tilhøva på botn under anlegget, som det ligg, ikkje er dei beste. Det er difor positivt at utviinga av anlegget skal vere utover fjorden, slik at den ikkje skal føre til ei meirbelastning på den botnen som ligg under dagens anlegg. Det er sannsynleg at straumtilhøva vil vere noko betre lenger ut i fjorden og at belastninga på botn vil minske med aukande djupne.

Fylkesmannen gjev løyve til ei utviing av anlegget frå ein MTB på 780 tonn til ein MTB på 1560 tonn. Vi meiner likevel at verksemda må gjere tiltak for å minske belastninga på botn og set krav om ei brakkleggingstid på tre månader etter kvart utsett. Samstundes vil vi følgje opp tilhøva på botn og set krav om at det vert utført ei oppfølgjande MOM B-gransking (etter NS 9410 eller tilsvarende internasjonal standart/anerkjent norm) på lokaliteten i 2007, jf. vilkår for løyvet pkt. 7.1. Rapport frå granskinga skal sendast Fiskeridirektoratet region Vest og Fylkesmannen både elektronisk og i papirformat. Kravet er i samsvar med *Forskrift om drift av akvakulturanlegg, 2004*.

Fylkesmannen vil gjere merksam på at vi mottek ei rekkje rapportar frå resipientgranskingar som er mangelfulle og ikkje i samsvar med NS 9410. For å sikre rask og effektiv sakshandsaming er det viktig at rapportar gir tilstrekkeleg opplysningar til at vedtak kan fattast. Fylkesmannen vil difor gjere det klart at vi i framtida kan kome til å underkjenne rapporter dersom dei ikkje har den naudsynte kvalitet.

Når det gjeld støy og feitt vert det vist til vilkår for løyvet pkt. 1.2 og 3.0.

Utsleppsløyve

I medhald av § 11, jf. § 16, i *Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), gjev Fylkesmannen i Hordaland med dette **Fjordfarm AS**, løyve til utslepp til luft og vatn frå eit matfiskanlegg for laks og aure på fylgjande lokalitet:

Lokalitet	Kommune	UTM-koordinatar	Ramme
Fyllingsnes S	Lindås	LN 028 218, Kartblad 1116 II	1560 tonn

Løyvet erstattar tidlegare løyve på lokaliteten. Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som fylgjer vedlagt. Løyvet er ikkje gyldig før Fiskeridirektoratet region Vest har gjeve konsesjon etter akvakulturlova.

Ramme for utsleppsløyvet

Dette løyvet gjeld for eit matfiskanlegg for laks og aure, med ein samla biomasse på 1560 tonn, fordelt på konsesjonane H/1 019 og H/1 003. Kvar for seg har konsesjonane berre løyve til ein biomasseproduksjon på 780 tonn.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr, førtillaging og medisinerings. Det er også sett vilkår for handtering av daudfiskavfall og anna avfall knytt til vanlege aktivitetar ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløyving/foredling av fisk.

Dersom konsesjonen ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter

§ 20 i forureiningslova gjevast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Fristar

Nedanfor er tidsfristar for gjennomføring av tiltak gjevne med tilvising til vilkår i utsleppsløyvet.

Tiltak	Frist	Tilvising pkt.
Plan for støyreducerande tiltak	01.09.2006	3.0
Plan for tiltak mot feittproblem	01.09.2006	1.2
Brakklegging på 3 mnd. mellom kvart utsett		8.0
Rapport frå oppfølgjande MOM B-gransking	31.12.2007	7.1

Vilkår for utsleppsløyve er gjeve i vedlegg 1.

Erstatningsansvar


Utsleppsløyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova, jf. § 10 og kap 8.

Klagerett m.m.

Vedtaket kan påklagast til *Statens forurensningstilsyn* (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, dvs. frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter akvakulturlova. Klagen skal vise til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil på førespurnad kunne gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing


Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsleiar


Monica Ekli
førstekonsulent

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyve (vedlegg 1)
 Vilt (vedlegg 2)

Gjenpart m/vedlegg:

**Fjordfarm AS, 5337 Rong
Fyllingsnes Fisk AS, Fyllingsnes, 5913 Eikangervåg
Steinar, Erik Andre og Lorentz Olsen, Henrik Wergelandsgate 7, 5031 Bergen
Lindås kommune
Mattilsynet, Distriktskontoret for Nordhordland
Hordaland fylkeskommune, Kommunesamarbeid, Postboks 7900, 5020 BERGEN**

VEDLEGG 1

Vedlegg til utsleppsløyve
av 20 JUN 2006
for Fjordfarm AS og
Fyllingsnes Fisk AS
(H/I 019 og H/I 003)
Lokalitet Fyllingsnes S
Lindås kommune

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved føring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillate bruk av tørrfôr eller mjukpellets.

DEFINISJONAR:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Feitt

Anlegget skal utformast og drivast slik at feitt frå anlegget ikkje når land.

Fylkesmannen set krav om at verksemda må utarbeide ein plan for å hindre at fisken gulpar feitt og at feitt frå føringa når land. Planen skal omfatte førebygging, oppfølging og iverksetjing av tiltak. Planen skal sendast Fylkesmannen innan 01.09.2006.

1.3 Medisin/kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel m.m. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene.

1.4 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall, samt andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre på ein slik måte at dei ikkje fører til særlege luktulempar for naboar m.m.

3. STØY

Oppdrettsanlegget skal utformast og drivast slik at støynivået ikkje overstig SFT sine grenseverdiar for ekstern industristøy, jf. *Retningslinjer for begrenning av støy fra industri m.v.* (TA-506, 1985).

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper. I samband med dette set Fylkesmannen krav om at verksemda skal utarbeide ein plan for støyreduserande tiltak. Planen skal sendast Fylkesmannen innan 01.09.2006.

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Daud fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper.

Oppdrettsanlegget skal disponere eigen daudfiskkvern/ensileringsutstyr og mellomlager for lokal handsaming og konservering av fiskeavfall. Ensilert fiskeavfall skal mellomagrast lokalt, og oppdrettsverksemda skal ha tilgang til lagertank. Volum på lagertank skal avpassast etter produksjonsmengde og transportavstandar, og bør vere 5 % av årleg produksjonsmengde.

Daud fisk skal takast opp av sjøen minst ein gong kvar dag i sommarhalvåret og minst ein gong annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande.

Oppsamla daud fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Ensilert fiskeavfall skal leverast til godkjent attvinningsanlegg for fiskeavfall.

Dumping av daud fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve. Søknad om forbrenning skal rettast til *Statens forurensningstilsyn*, medan søknad om nedgraving skal rettast til fylkesmannen og fylkesveterinæren.

Oppdrettsanlegget skal ha planar (beredskapsplan) og utstyr for å ta hand om massiv fiske-daude, t.d. ved algeoppblomstring eller sjukdom. Beredskapsplanen skal m.a. omfatte strategiar til raskt å kunne handtere massedaude av fisk i anlegget, og klargjere kven som har ansvar for kva i slike situasjonar

4.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfor, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før dei vert henta av produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt. 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

4.4 Slamfjerning

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må det søkjast om eige løyve. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. Pga. smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogeleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIAR

Medisin, insekticid, kjemikaliar m.m. skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan t.d. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gir eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutinar for vedlikehald.

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.m., slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemnda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemnda skal registrere og journalføra følgjande data;

- * fiskemengde
- * mengde daud fisk
- * mengde rømd fisk
- * fôrtype og fôrforbruk
- * bruk av:
 - antibiotika, type og mengde
 - insekticid " "
 - anna kjemikaliar
- * mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- * avfallsmengder og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

Verksemnda pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå fylkesmannen inspisere anlegget når dei måtte ønskje det.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Verksemnda pliktar å kosta eller delta i dei granskingar som fylkesmannen finn turvande for å kartleggje forureiningseffekten til anlegget, jf. § 51 i forureiningslova . Verksemnda kan også

påleggjast å betale ein høvesvis del av kostnadene ved eit resipientgranskingsprogram for området der anlegget er plassert.

7.1 Resipientgranskning ved Fyllingsnes S

Verksemnda vert pålagt å gjennomføre ei oppfølgjande MOM B-granskning ved lokaliteten Fyllingsnes S i Lindås kommune. Granskings skal gjennomførast av kompetent organ og skal utførast i samsvar med NS 9410 (eller tilsvarende internasjonal standart/anerkjent norm). Rapport frå granskninga skal sendast elektronisk og i papirformat Fiskeridirektoratet region Vest og Fylkesmannen i Hordaland **innan 31.12.2007**. Kravet er i samsvar med *Forskrift om drift av akvakulturanlegg, 2004*.

8. BRAKKLEGGING

Fylkesmannen set krav om ei brakkleggingstid på tre månader mellom kvart utsett, for å minske belastninga på botn. Oppfølgjande resipientgranskningar vil vise om dette kravet kan endrast over tid.

9. GENERELT

9.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemnda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa

9.2 Akutte utslepp

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikaliar o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

9.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova gjere vedtak om forureiningsgebyr for å sikre at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

9.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det setjast krav om at ytterlegare tiltak vert gjennomførte for å hindre eller redusere forureiningsfaren frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i forureiningslova "*om endring og omgjøring av tillatelse*" er oppfylte.

9.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemnda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk, jf. § 20 i forureiningslova.

VEDLEGG 2

VILT

Lov om viltet av 1981 skal sikre alle dyr og fuglar eit minimum av vern. I utgangspunktet er alle viltartar freda. §3 seier:

"Ved enhver virksomhet skal det tas hensyn til viltet og dets egg, reir og bo, slik at det ikke påføres unødig lidelse og skade."

Etablering av oppdrettsanlegg vil alltid kunne føre til visse konflikter i forhold til viltet. Røynsle har vist at alle typer oppdrettsanlegg, også skjelanlegg, kan verke tillokkande for ulike viltartar frå dei kringliggjande områda. Skadeproblema som dermed oppstår, kan i neste omgang gjere det aktuelt å søkje om fellingsløyve.

Før det blir søkt om fellingsløyve, pliktar eigar, brukar eller rettshavar å prøve andre tiltak for å førebyggje viltskade.

Av omsyn til viltinteressene, og som førebyggjande tiltak mot viltskade, fastsetjast følgjande vilkår for konsesjon:

1. Eigar av matfisk- eller setjefiskanlegg skal montere måsenett over kar og merdar som står utomhus før dei vert tekne i bruk. Det må systast for at nettet til ei kvar tid er i tilfredsstillande stand.
2. Dersom det oppstår viltskade på oppdrettsanlegget skal eigaren straks ta kontakt med viltansvarleg i kommunen for å drøfte aktuelle tiltak.
3. Eigaren av matfiskanlegg skal førebu montering av flytelense med sperregarn og otersikker port på landgangen. Montering av lense og port skal gjennomførast når fylkesmannen eller miljøvernstyresmaktene sentralt krev det. Maskevidda på sperregarna skal avgjerast av miljøvernstyresmaktene.